

# Russ, turisme og hatet på kjærleikens øy | Åshild Ulstrup

Dagen etter eg kom til Kypros, møtte eg unge jenter og spurde kva dei syntest om oss som kom og snakka og flørta med gutane deira. Svaret sjokkerte meg: Dei hata oss!

DEBATT




FOTO: mypoulphoto / Shutterstock / NTB scarpix. Nå er det den norske russen som har vist sine styggaste sider i Hellas, skriver Åshild Ulstrup som for får sidem utgå sin omdiskuterte bok om den nordiske turismen på Kypros, der de lokale jentene måtte finne seg i å sitte hjemme mens kjæræstene deres delte nettene med turistjenter fra Norden. (Illustrasjonsbilde fra Kypros)

Ashild Ulstrup Spaltist og forfatter 8. aug. 2018 17:00 18:02

I det siste har det vore mykje snakk om storturismen både i nord og syd.

På Mallorca har øyfolket sett seg lei av turistane si omsynslause framferd og at dei sjølv blir skvisa ut, [sa turismeeksperten Åsa Grahn](#). Som om dei legg hovudet igjen heime.

Nå er det den norske russen som har vist sine styggaste sider i Hellas.

Les også: [En russemammas erkjennelse](#) | [Trude Jacobsen](#)

Kvinnene på Kypros betalte prisen

For 35 år sidan kom eg åleine til Kypros og vart fanga av sol og kvite strender. Dagen etter eg kom, møtte eg unge jenter i ulike butikkar og spurde kva dei syntest om oss som kom hit og både snakka og flørta med gutane deira. Svaret sjokkerte meg: Dei hata oss!

Resten av ferien vart inga solreise, men ei vandring i turismens bakgater der kvinnene på Kypros betalte prisen for mang ein nordeuropeisk ferieidyll.


Året etter var eg seks gonger på Kypros og samla stoff til boka som kom ut i 1986: [Hore og madonna på kjærleikens øy](#).

Det første eg fekk vita, var at frå februar til oktober måtte jentene finna seg i å sitja heime mens kjærastane delte nettene med turistjenter frå Norden. Eg gloymer ikkje stemninga i heimen til ei jente og overnatta hos. I hyllene på det vesle jomfrukammerset låg utstyret og venta: Gardiner, dukar og sengtøy – alt vakkert brodert av jenta sjølv.

## Ei turistjente hadde flytta inn i bustaden hans

Men han ho skulle gifta seg med, såg ho sjeldan nå. Det var blitt mars og ei turistjente hadde alt flytta inn i bustaden hans.

Sjølv var ho ikkje glad i han lenger, men visste at ho måtte gifta seg med han. For det var henne han ville gifta seg med. Turistjentene hadde han berre sex med, hadde han sagt.



Privat Ashild Ulstrup

Jentene på Kypros skal vera jomfruer mens dei ventar på guten, men for gutane hastar ikkje ekteskapet lenger, slik det gjorde. Guten meinte det var ho som skapte problema, ikkje han. Ein annan gut gjekk rett på sak: Eg brukar jentene som eg brukar motorsykkelen! Sa han.

## Sjølv mødrer søkte psykiatrisk hjelp

Jentene eg snakka med, mista trua på sin eigen seksualitet, og sjølv mødrer søkte psykiatrisk hjelp. For det var ikkje berre unggutane som var ute på byen og spanderte frå hushaldspengane.

– Turistane vil aldri forstå kva som skjer innanfor dørene i heimane våre! Sa ei mor. Ho kjende seg friare i sin ungdom enn dotter si.

Blant kypriotane går turistjentene for horer. Foreldra heldt dotrene heime for at dei ikkje skulle bli som oss, og var også redd for at sonene på byen skulle mista noko av det finaste i seg sjølv.

Før den tyrkiske invasjonen i 1974 var Famagusta i nord, turistcenteret på Kypros. Nå vart det Aya Napa i den greske delen, turistane strøynde til.

## Å få så mange jenter du vil ha!

– Du kan tenkja deg, sa ein godt vaksen kar – at desse gutane som aldri hadde sett eit nake bryst, og som aldri hadde hatt nokon sjanse med ei jente utan å vera gift, og så få så mange jenter du vil ha!

Unge gutar og vaksne karar som tidlegare sat på kafeane og spelte, gjekk med store augo inn i det nye eventyret.

– Vi tener pengar, byggjer hus og velstanden aukar, men i hjarto våre er vi blitt fattigare, sa ei anna mor.

– Vi var lykkelegare før turistane kom. Landet vårt har mista sjela si, sa ho.

Ein engelsklektor fortalde at kvar sommarferie drog han frå familien sin til ein bustad tvers over Star-bussen sin siste stoppested og sikta seg inn på ei av oss. Siste sommaren hadde han delt netter med 200 jenter.

– Kvifor ikkje? Sa han. Han var fødd fri og ville døy fri.

## Eg var jo ei av desse sjølv!

Boka mi vart nærast pepra då den kom ut i 1986. Lenge hadde eg ein søppelsekk med utklipp. I Norge var det eg som kalla norske jenter for horer, fekk eg høyra. Men eg var jo ei av desse sjølv!

Det eg opplevde, var ein kulturkollisjon som var viktig å få kjennskap til: At møtet mellom frie nordiske kvinner og frie kypriotiske menn hadde så store følgjer for kvinnene på øya.

Samstundes prøvde eg å fortelja kypriotane at jentene i Norge fritt kan snakka med menn utan å skulle liggia – eller trulova seg – med dei.

Sidan den gong har norsk ungdom, jenter og gutar også skilt seg ut med sine griseffar på Kypros – dyppa i alkohol. Og akkurat nå, desse slåstkampane i Hellas mellom to norske russelag i eit land med eit anna syn på både ungdom, oppførsel og også dannelse.

Eg kalla det Aya Napa, men plassen kunne lege kor som helst der turismen gjev store pengar i kassa, mens landet mister sjela si.

• [Følg og delta i debattene hos Aftenposten meninger på Facebook og Twitter](#)

## Vil du lese mer om russen?


DEBATT + RUSSEN + TURISME +

## 12 kommentarer

Velkommen til debatt! Vi er glade for dine bidrag, men vær vennlig og bruk fullt navn. Innlegg blir lapende moderert. Les mer her.

Si din mening, Torgeir Oma!

PUBLISER KOMMENTAR POPULERE

### Magne Lindholm

for 3 dager siden  
Åshild Ulstrup, min gamle kollega: personlig, original, kritisk. En unik journalist. Nå minner hun oss om sine funn. Som hun fant fordi hun lette og ikke bare ville nyte. Det er godt vi har slike kvinner her i landet. Som kan sette ting på plass mens mannsjåvinistene raser rundt i fylla i Hellas og kaller det frihet og glede.

Svar 27 Anbefaler

### Iars randby


for 3 dager siden  
Stakkars kypriotiske kvinner som må leve med slike menn. Slike kulturer som gjør forskjell på kjennene og kjønnesens frihet til selv å bestemme er neppe kulturer å satse på. Forhåpentligvis vil de en gang i fremtiden tilhøre fortiden og noe man vil riste på hodet av når man leser om dem i historiebøkene.

Svar 10 Anbefaler

SE 7 FLERE KOMMENTARER

## LES OGSÅ


TIL FORSIDEN TIL TOPPEN



TIPSTELEFON 02286 TIPS PÅ E-POST

VARSLETTJENESTEN SECUREDROP DEBATTINNLÉGG PÅ E-POST

SENTRALBORD 22 86 30 00 ANNONSER 2286 3010

KUNDESERVICE 2189 6040 VIS AKERSGATA 55 I KART

ADRESSE Akerstua 55, 0180 OSLO

SJEFREDAKTOR OG ADMINISTRERENDE REDAKTØR Espen Egil Hansen POLITISK REDAKTØR Trine Ellertsen

NHETSREDAKTØR Tone Tevøy Strøm-Gundersen KULTURREDAKTØR Sarah Sarheim

FEATUREREDAKTØR Ulrik Vambheim REDAKTØR Harald Stanghelle

UTVILINGSREDAKTØR Erik Henningsen-Wines | PERSONVERNPOLICY OG COOKIES |

All innhold er opphavrettslig beskyttet. © Aftenposten. ACP-beskyttet | Personvernpolicy og cookies. | Aftenposten anseier eller Vær Varsom-plakatens regler for god presseskikk. Aftenposten har ikke ansvar for innhold på eksterne nettsider som det lenkes til.